

Amnuse

Hva gir du til en som har alt? Noe å tenke på.

Gi bort Morgenbladet til jul og få inntil 25 % rabatt.

KRONIKK

Trass ny klimaplan ligg Oljefondet framleis etter

Dess lengre Stortinget ventar med nødvendige grep, dess meir krevjande blir gjennomføringa.



Regjeringa og Stortinget bør snarast muleg sørge for å få gjennomført ei utgreiing av netto-null-mål for Oljefondet, skriv kronikkforfattarane. Her: Dagleg leiar i Oljefondet, Nicolai Tangen. (Foto: Ole Berg-Rusten/NTB)

Av Håvard Halland, økonom og Marcin Kacperczyk, professor i finans

Norges Bank Investment Management (NBIM) som forvaltar Oljefondet, la i haust fram sin Klimahandlingsplan 2025. NBIM skal ha ros for å ha strekt det nye klimamandatet frå regjering og storting. Men den klimarelaterte endringa av mandatet var utdatert for den vart vedteken i sommar. Stortinget vedtok at Oljefondet skal gå inn for netto null klimautslepp frå porteføljenselskapa innan 2050, men sette ikkje utsleppsmål for fondet sjølv på porteføljenivå.

Det kan altså sjå ut som NBIM har blitt meir progressiv på klima, mens Finansdepartementets gå-sakte-tilnærming, og stortingets aksept av den, betyr at Oljefondet framleis ligg i etterkant av utviklinga internasjonalt og fullstendig manglar utsleppsmål på porteføljenivå.

Artikkelen fortsetter under annonsen

Hva gir du til en som har alt? Noe å tenke på.

Gi bort Morgenbladet til jul og få inntil 25 % rabatt.

To hovudverktøy
Kapitalforvaltarar har to hovudverktøy til rådighet for å oppfylle utsleppsmål i sine investeringsporteføljor: For det første kan dei gjennom eigarskapsutøving leggja press på porteføljenselskapa om å redusera klimautslepp. Det andre alternativet er å selje seg ut av selskap som ikkje reduserer sine utslepp.

Utfordringa med eigarskapsutøving er at sjølv svært store investorar, som Oljefondet, eig berre ein liten del av kvart selskap dei er investert i, og har avgrensa innverknad. Ein strategi basert berre på eigarskapsutøving manglar dessutan ein tydeleg mekanisme for påskjoning og sanksjon for selskapa. Press frå kapitalforvaltaren er difor ikkje nødvendigvis truverdig.

På ei anna side er problemet med å selje seg ut av gjenstridige selskap at utsleppa kan halde fram under nye aksjeeigarar.

Meld Oljefondet inn i FN-allianse
Det mest grunnleggande spørsmålet innan klimafinans er korleis finanssektoren kan levera dei rette insentiva for å få selskap til å avkarbonisera sine aktivitetar. Aktiv eigarskapsutøving vil ofte ikkje vera nok ovanfor gjenstridige porteføljenselskap. Derimot må kapitalkostnadane auka for firma som ikkje reduserer klimautslepp, og minka for firma med ambisiøse og truverdige planar for utsleppsreduksjon. Dette kan underbyggast av samarbeid mellom kapitaleigarar og mellom kapitalforvaltarar, for investeringsavgjerder og for koordinering av klimarelatert eigarskapsutøving.

Behovet for slikt samarbeid er ein av grunnane til at ei rekke av verdas og Noregs mest anerkjente økonomar i eit opprop som ein av oss stod is spissen for, har anbefalt Oljefondets medlemskap i FN-initiativet **Net Zero Asset Owner Alliance**. Dette er ei samanslutning av pensjonsfond, forsikringsselskap og statseigde fond som representerer nesten ti gonger så mykje kapital som Oljefondet. Medlemmar av Alliansen forpliktar seg til netto null utslepp frå sine porteføljor innan 2050, men òg til mellommål om 22–32 prosent reduksjon innan 2025, og 49–65 prosent reduksjon innan 2030.

Finansdepartementets ofte gjentekne argument om at Oljefondet «ikkje er eit klimapolitisk verkemiddel», er i denne samanhengen ikkje relevant: Ingen av medlemmane i Alliansen er klimapolitiske verkemiddel – alle er kommersielle investorar.

Nye indeksar gir nye moglegheiter
Oljefondet er eit såkalla indeksnært fond. Forvaltninga skjer på grunnlag av ein referanseindeks fastsett av Finansdepartementet, med avgrensa rom for avvik. Forvaltarar av indeksfond har inntil nyleg hatt eigarskapsutøving som einaste verkemiddel for å redusera porteføljenslepp. Dette har endra seg, og stadig fleire aksjeindeksar har klimamål.

Ei utfordring med såkalla «grøne» indeksar har vore mangelen på aktiva med tilstrekkeleg låge utslepp til å bli inkludert. Det har vore ein av Finansdepartementets hovudgrunnar til ikkje å setta klimamål for referanseindeksen – porteføljen ville ifølge dette argumentet bli for konsentrert i for få aktiva og difor ha auka risiko.

Men leiande indeksleverandørar har no etablert breitt diversifiserte aksjeindeksar med karbonbudsjett som er konsistente med 1,5-graders-målet, fleire av dei basert på ein metode som ein av oss var med å utvikla. Fordi slike indeksar gjer bruk av framoverskuande utsleppsprosjeksjonar, kan utsleppsintensive selskap inkluderas i indeksen dersom dei har tilstrekkeleg ambisiøse og verifiserbare planar for utsleppskutt. Dette gjer at investeringsmoglegheitene er samanliknbare med tradisjonelle indeksar. For å få tilgang til indeksen må selskapa følge utsleppsbaner som er konsistente med 1,5-graders-målet.

Dette gir, i motsetning til Oljefondet, kapitalforvaltarar ein konkret strategi for ekskludering av gjenstridige selskap: Firma som ligg over utsleppsbaner konsistent med 1,5-graders-målet, vil bli ekskludert frå indeksen dersom dei ikkje justerer sine investeringsplanar, men kan bli tatt opp igjen ved truverdig styrking av utsleppsbaner.

På denne måten vil selskap konkurrera om inkludering i indeksen, basert på klimautslepp, slik at kvar sektor beveger seg hurtigare mot netto null. Oljefondets nye klimahandlingsplan skapar ikkje slik konkurranse fordi forvaltninga er knytt til referanseindeksen, og fondet vil difor ha avgrensa moglegheiter til å selja seg ut av selskap som nektar å redusera klimautslepp.

Vi får dårleg tid
Eit viktig døreg er at etter kvart som verdas karbonbudsjett minskar, blir utsleppsbaner brattare for kvart år. Tid har altså ein kostnad: Mens ein kapitalforvaltar som byrjar ferda mot netto null i år, vil måtte kutta klimautslepp med 12 prosent per år for å tilfredsstille 1,5-graders-målet, blir dette 20 prosent per år frå 2025, og 46 frå 2028. Med andre ord: Dess lengre Stortinget ventar med å etablera eit netto-null-mål for referanseindeksen, konsistent med 1,5-graders-målet, dess meir krevjande blir gjennomføringa.

MORGENBLADETS STILLINGSPORTAL

Nå: 4 stillingsannonser

NITJA

Direktør
Nirja Liljestrem

KUNSTNERNES HUS

Kunstnerisk leder
Kunstnernes Hus
Oslo

No ligg ballen hjå statsministeren og Stortinget, for å heidra statsministerens løfte på klimakonferansen COP-26 i fjor, om å gjera Oljefondet til ein leiar i ansvarleg investering, og for at Oljefondets mandat blir brakt i samsvar med internasjonale klimaavtalar som Noreg har forplikta seg til. Regjeringa og Stortinget bør snarast mogleg sørge for å få gjennomført ei utgreiing av netto-null-mål for Oljefondet, på porteføljenivå og med utsleppsbaner som samsvarer med 1,5-graders-målet, og dessutan medlemskap i Net Zero Asset Owner Alliance.

Håvard Halland er økonom med erfaring frå Verdsbanken og OECD. Marcin Kacperczyk er professor i finans ved Imperial College London.

redaksjon@morgenbladet.no

18/12/2022 05:05



RELATERTE ARTIKLER

Derfor er regjeringen imot et solidaritetsfond



Oljefondet koker over når Europa fryser



Scenariene for oljefondets fremtid er skremmende, skriver Aslak Bonde



Oljefondet | Klima og miljø | Klimapolitikk

Amnuse

Hva gir du til en som har alt? Noe å tenke på.

Gi bort Morgenbladet til jul og få inntil 25 % rabatt.

Mer fra Kronikk

700 gjesteforskere fra 70 land - universitetene mangler felles rutiner for mottak av dem

Mistenkt russisk spion gripen i Tromsø
Ein brasiliansk statsborgar blei gripen på veg til jobb i Tromsø måndag føremiddag. PST trur han eigentleg er russisk, og jobbar for russisk etterretning.

Etterretningseksperter mener universiteter må bli bedre på bakgrunnssjekk

Norske akademikere må være mer på vakt mot spionasje, ifølge etterretningseksperter
Universitetene må bli bedre på å gjere bakgrunnssjekk av gjesteforskere i Norge. Det meiner Tom Raseth.

For mange utenlandske forskere kan forrige akademias relevans

Internasjonalisering, mangfold og nordmenn i norsk akademisk
«I noen fagmiljø har det blitt betydelig færre norske vitenskapelige ansatte og dette er noe vi bør og skal jobbe med. Denne innvæntsen skal ikke gå på bekostning av våre internasjonale kolleger»

Å være kritisk til internasjonalisering i akademien er ikke rasisme, skriver Marit K. Slotnæs.

Gjennom akademisk boikott gir vi Putin en hjelpende hånd, skriver Cecilie Hellestveit.

KRONIKK

Omsynet til nasjonal sikkerheit utfordrar akademiske prinsipp



Regjeringens utdaterte forståelse av psykisk helse



Blander du forvaltning og domstol, går det fort på rettssikkerheten løs

Derfor er jeg ikke sakprosaanmelder lenger

Statens nye veileder for hyttebygging svarer ikke til problemene

Vi trenger en ny plan for nordområdene

Også i samme jobb tjener kvinner betydelig mindre enn menn